



NR 4, 2024 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 92. ÅRG



Julekrybbe frå Mali. Foto: Toril Lange

**I dette nummeret kan du lese om:**

- Juleminne frå Norevik
- Andakt frå kyrkja sin preses
- "Diakon-presten"
- Konfirmantfestivalen

*God jul!*

## HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebø, Andreas Ester. **Layout:** Stig Jonny Fitje

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593

Layout og trykk: Printfarm AS



## LUTHER OG TRUMP. FRI HERRE OG TENAR



Framsida til førsteutgåva Wittenberg 1520

Det er valdag i USA i dag. Mens eg skriv dette er det framleis uavgjord kven som kjem til å bli den neste presidenten i den viktigaste staten i den vestlege – og enn så lenge i heile verda. Eg opplever det som gnagande å tenkje på og nesten ikkje til å halde ut å førestille meg at Donald Trump kunne bli det. Men eg må ta til etterretning at omtrent halvparten av amerikanarane er av ein anna oppfatning. Konse-

kvensane av dette valet kjem til å bli enorme for oss i Norge (og i heile verda) uansett utfall. Mest av alt kanskje økonomisk, men også for det demokratiske systemet og internasjonalt samarbeid. Blir det ein radikal «Amerika first»-politikk?

For få dagar sidan var det reformasjonsdagen. Er det vits i å minne om noko som skjedde for litt over 500 år sidan? Kva har desse to vidt forskjellige hendingar eventuelt med kvarandre å gjere? Ein kristen er ein fri herre over alle ting og samstundes på grunn av kjærleiken ein tenar for alle andre, skreiv Luther i skrifta Om den kristne fridomen (1520). Den reformatoriske fridomen har påverka sterkt den amerikanske uavhengighetserklæringa frå 1776. Eg håper og ber i dag om at fleirtalet av veljarane på andre sida av Atlanteren er kloke nok og sterkt nok prega av seinverknadene til reformasjonen sin arv.

*Andreas Ester*

www.kyrkja/hoyanger/  
www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/  
www.instagram.com/kyrkjai/

### Høyanger kyrkjekontor

Marcus Thranes gt.3. Pb. 159  
6991 Høyanger  
Telefon: 57 71 41 00  
post.hoyanger@kyrkja.no

### Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik  
Telefon: 57 71 41 00  
post.hoyanger@kyrkja.no

### Adm. sekretær: Renate Ø. Dale

Jobbmobil: 404 58 649

E-post: post.hoyanger@kyrkja.no

### Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø

Mobil: 917 13 275

E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

### Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik

Mobil: 452 21 737

E-post: AE639@kyrkja.no

### Diakon i prestestillinga i Lavik og Bjordal/Ortnevik

Inger Cesilie Fitje, 5962 Bjordal

Mobil: 908 94 788

E-post: IF267@kyrkja.no

### Kyrkjeverje: Stig Jonny Fitje

Mobil: 917 63 803

E-post: SF729@kyrkja.no

### Organist: Peter T. Jobbagy

Mobil: 909 84 617

E-post: PJ@kyrkja.no

### Kyrkjemusikar: Harald Dahlstrøm

Mobil: 454 40 644

E-post: harald.dahlstrom@gmail.com

### Leiarar av sokneråda:

Høyanger: Vidar Myren 913 11 283

Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 994 94 745

Lavik: Toril Lange 916 89 459

### Bjordal og Ortnevik:

Camilla M. Ådland 481 10 684

### Leiar kyrkjeleg fellelsråd:

Sturla Bell Fossen 994 94 745

### Kyrkjetenarar

Kyrkjebø og Vadheim:

Irene Aase Aarseth tlf. 970 12 977

Lavik: Olav Hellebø tlf. 900 84 912

Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 411 00 587

**KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40**

# NOKO SOM GÅR RETT HEIM?

Kvar julaftan les vi juleevangeliet i kyrkja. Mange har hatt den tradisjonen at dei les det høgt heime også. Sjølv om det kan verke som litt «dobbel opp», dersom ein har høyrte det på julegudstenesta, skjer det noko nytt når det skjer heime. Det er rett og slett ein svært vakker skikk. Det er kanskje ikkje så ofte ein les noko høgt heime. Men julaftan er annleis på så mange vis. Så kanskje be nokon av barna øve seg på det, og la det bli noko som kan gjere dei stolte og som dei hugsar seinare i livet? Det kan knytast til det dei lærer på skulen både om høgtlesing og om kvifor ein feirar jul.

Det er ein annan grunn til at det passar særleg godt å lese juleevangeliet heime: Det handlar jo om ei familiehistorie. Riktig nok er det ei litt spesiell historie om ein fødsel under heilt spesielle forhold, i alle fall i forhold til kva vi har erfart om fødsler. Men ein fødsel er ei oppleving svært mange - også menn - har vore med på. Og det er av dei sterkaste opplevingar i livet. Mykje blir lite samanlikna med det.

Når vi les frå Lukasevangeliet i det andre kapitlet «I dei dagane let keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda», så kjem det rett etter historia om ein mann som har blitt slått av gleder og alvoret i å få ein son. Det er rett frå ei intern familiehistorie til verdspolitik. Sakarja var namnet, og han er far til døyparen Johannes. Vi får høyre korleis han bad då han skulle uttrykke den enorme gleder og forventning til at eit nytt menneske skulle bli født. Det er eit vakkert dikt, men det vert omtala som ein profeti om kven Jesus skulle vere - for heile verda.

Eit nytt liv er eit under for dei som er foreldre og familie til barnet. At Jesus vart født, som Guds Son, er eit under for alle menneske. Det er eit uttrykk for at Gud vil kome «rett heim» til oss alle. Difor heiter det i det vakre diktet som Sakarja sa fram om han som skulle kome:

«Slik skal lyset frå det høge  
gjesta som ein soloppgang  
og skina for dei som bur i mørker  
og dødens skugge,  
og styra våre føter inn  
på fredens veg.» (Luk 1, 78-79)

I dagens verd er det alt for mange som «bur i mørker og dødens skugge». Dei treng desperat at det er nokon som kan «styra våre føter inn på fredens veg.»


Det går «rett heim» hos dei fleste av oss at fred har noko med jul å gjere. «Fred på jorden!» syng vi, og håpar på ein eller annan måte at det er sant. Ja, i jula ønskjer vi oss fri og fred frå oppgåver og mas. For nokon er dette veldig aktuelt. Nokon lever i konflikter i nære relasjonar, eller i dei store konflikter i verda. I Midtausten er det mange familiar som har mista sine i krig nettopp dette året. I Noreg er det mange fleire flyktningar i år enn det har vore før, særleg frå Ukraina.

Vi kan alle gje nokon eit teikn på at Guds fred høyrer heime hos oss. Ja, at juleevangeliet er ein bodskap om at Gud vil noko som «kan gå rett heim» hos nokon kvar. Gud vil gi fred i hjarta og fred i verda.

Difor feirar vi jul. Vi feirar at Gud kjem «rett heim» til oss. Når vi les juleevangeliet. Ja, eigentleg når som helst, akkurat som når sola står opp og skin for oss alle. Då gjeld det å dra bort gardinene og la lyset strøyme inn.

Difor feirar vi jul både i kyrkja og heime.  
Velsigna julehøgtid!

*Preses Olav Fykse Tveit*



# DEN NYE DIAKON-PRESTEN – ETTER KNAPT EITT ÅR I TENESTE

Inger Cesilie Fitje har som diakon verkeområde i heile kommunen, og ei særskild oppgåve idet ho også utøver preste-funksjonen i Lavik og på Sørsida. Prosjektstillinga er oppretta av bispedømet på særlege vilkår.

I det daglege samarbeider ho med prestane, og med våre tilsette på kyrkjekontoret. I det siste har også meir av trusopløringa falle på henne.

For eit år sidan vart du og oppgåvene presenterte. No spør me:

**Kva såg du då som mest interessant og utfordrande ved dette arbeidet?**

Eg vart spurd om å ta på meg denne oppgåva. Bakgrunnen for det var røynsler eg har frå tidlegare arbeidstilhøve. Dette var likevel ukjende og nye oppgåver, som eg knapt kjende meg kvalifisert for – og ville søkt, dersom eg berre såg ei annonse. Fellestrekk i alt arbeid eg har hatt er møte med menneske – og det likar eg. Det er alltid spennande – og gjevande – å møte medmenneske i ulike situasjonar.

**Kva tenkjer du omkring dette no – eitt år etter?**

Om det siste punktet tenkjer eg sameleis i dag. Så er det langt til andre med tilsvarende stilling, og lokalt teamarbeid blir derfor viktig.



Inngangsprosesjon. Foto: Marita Borlaug



Inger Cesilie på Vadheimsstølen. Foto SJ Fitje

Du har utdanning som sosionom og diakon.

**Kva tenkjer du om den bakgrunnen for å vere i ei prestestilling?**

Eg kan av og til kjenne på at eg manglar den teologiske tyngda som prestane har. Så har eg gjerne andre eigenskapar, og har hatt god nytte av tidlegare yrkesrøynsle.

Du er oppvaksen i Ortnevik, og har no ei litt spesiell stilling.

**Korleis opplever du å møte bygdene og folket du kjenner så godt, som prest?**

Det tenkte eg mykje på på førehand. Eg kjenner meg godt motteken som den eg er. Folk er flinke og gjev direkte tilbakemeldingar. Det er bra, og det set eg stor pris på.

Prosten er din næraste overordna, medan du er tilknytta vårt kyrkjekontor.

**Korleis fungerer det – og då med tanke på at ekte mannen din er kyrkjeverje, og dermed sjefen til dei andre tilsette ved det same kontoret?**

Slik eg ser det fungerer det godt, og eg håpar at dei andre på kontoret gjer det same. Denne spørsmålsstillinga er både me sjølv og arbeidsgjevarane våre opp tekne av, og dei la premissar for dette tilsettinga.

Avslutningsvis; litt om framtidstankane dine for sokna våre.

### **Kva med frivillig engasjement i kyrkjelydane våre, og din medverknad der?**

Sokna våre er ulike på det punktet. Felles er det at frivillege vert stadig viktigare for all kyrkjeleg aktivitet framover - overalt. Vår utfordring er å motivere desse lokalt, og å stimulere til samarbeid, trass lange avstandar og mykje reisetid.

Etter knapt eit år i stillinga er det enno arbeidsformer som er under utprøving. Når ting har falle meir på plass håpar eg å få bruke meir tid til motivasjon av- og møte med- frivillege, og på samarbeid på tvers av soknegrensene våre.

**Helgestunder takkar Inger Cecilie for praten, og ynskjer henne lukke til i vidare arbeid!**

## **Lysstumpar - i tennbrikker og nye lys**

Vi har tidlegare skrive i Helgestunder om alternative julegåver som støttar opp om eit meir berekraftig forbruk og sirkulær økonomi. Eit par tips i år også: Å gje opplevingar i staden for ting kan vere gode gåver for mange. I gjenbruksbutikkane kan vi også finne fine og nyttige julegåver. Også i Høyanger kan ein handle brukt. Før ville ein kanskje føle skam ved å gje bort ting som ikkje er nye. I dag synest eg heller vi skal vere stolte når vi handlar ut frå kunnskap om følgjene av dei negative sidene ved forbrukarsamfunnet.

### **LYS I ADVENTSTIDA**

I den mørkaste tida på året, som også for mange er ei travel tid, er det fint å finne ro med levande lys.

Sjølv kan eg hugse at det til og med var levande lys på juletreet i min tidlege barndom. Det var sjølv sagt brannfarleg, og ein måtte passe svært godt på. Det er fleire brannar i desember enn elles i året, og årsaka er ofte levande lys utan tilsyn. Sjølv om vi no brukar elektrisk lys på juletreet og ein del leddlys elles, må vi framleis vere årvakne når vi brukar stearinlysa.

### **GJENBRUK AV LYSSTUMPAR**

På Høyanger arbeids- og aktivitetssenter kan ein levere inn stearinlysrestar som blir brukt i tennbrikker. Kyrkjekontoret tek også imot for så å bringe det vidare til bedrifta. Dette er viktig gjenbruk som vi kan støtte opp om.

### **KNAUSEN LYSSTØYPERI**

Lysa frå Knausen Lysstøperi vert laga av lysstumpar som blir samla inn i 52 gjenbruksbutikker som Det norske misjonsselskap driv. For oss i Ytre Sogn er det nærast å bruke NMSGjenbruksbutikker i Sogndal, Knarvik eller Førde (Elvevegen 1). I fjor vart det produsert 300000 lys av om lag 25 tonn lysstumpar. Lysa er gjennomfarga og vert laga i mange ulike fargar og former. Desse kan vi få kjøpt i NMS sine gjenbruksbutikker. Alle medarbeidarane både på Knausen og i gjenbruksbutikkane er frivillige, og overskotet går til NMS sitt arbeid med å tenne lys og håp hjå menneske rundt om i verda. I 2023 hadde gjenbruksbutikkane eit overskot på 38,9 millionar.

*Sissel Sørebo*



# KYRKJE OG MISJONSDAG PÅ ALVÆRA

Laurdag 11. januar kan vi også i år samlast til temadag på Alværa. «Forandre verda – saman med den verdsvide kyrkja» er temaet i år. I dag reiser utsendingar frå kyrkjer på kryss og tvers, og mykje inspirasjon kjem til oss frå andre verdsdelar. Alle sokna i området støttar NMS-prosjekt, og denne dagen vil ein kunne få kunnskap om eit mangfoldig arbeid. Vi får besøk av Landy Robenhariziva Bakke, som er frå Madagaskar, men no er busett i Stavan-gerområdet.



Foto: NMS

Programmet byrjar kl. 10.30 etter at dei som ynskjer det har fått kaffi med noko attåt. Som vanleg blir det mykje song og musikk frå ulike tradisjonar med dyktige forsongarar. Etter middagen kl. 13.00 er det god tid til prat. Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste kl. 14.30.

NMSU har leiarhelg for ungdom, så unge og eldre er i lag ved måltider og delar av programmet.

Om ettermiddagen blir det servert kaffi med mykje godt til, og ein kan delta på årsmøtet for NMS, Ytre Sogn område. På grunn av måltida er det påmelding til Alværa tlf. 489 90 661.

## NMS I ESTLAND OG MALI

Hovudmålet for NMS er formulert slik: «Sammen vil vi dele troen på Jesus, bekjempe urettferdighet

og utrydde fattigdom.» Heile mennesket og skaparverket skal ivaretakast.

Eit par glimt frå prosjekta som kyrkjelydane støttar:

Den største nyhenda frå prosjektet i Estland er at Mustamäe kyrkje vart vigsla 2. juni i år. Det var stort for Den evangeliske kyrkja i **Estland**. NMS har praktikantar (eittåringar) i mange land. I haust er Eirik Gautestad Norheim frå Bergen eittåring i Estland. Han var som barn med foreldra som var misjonærer der frå 2003-2006.

Frode Brügger Sætre fortel mellom anna følgjande frå **Mali**: I juni inviterte seks kyrkjelydar i hovudstaden Bamako ungdommane sine til seminar. 51 unge kom for å høyre Danaya Goïta undervise om temaet «Kvifor og korleis kan du vere entreprenør?» Danaya har ansvar for det NMS-utvikla programmet som heiter «Use Your Talents». No hørde ungdommane at kristen tru også handlar om å forvalte, byggje og skape utvikling i og rundt seg. Dette er svært aktuelt i Mali. Landet har mange unge, og det er få arbeidsplassar.



Mali-misjonær Frode Brügger Sætre og Danaya Goïta med det yngste barnet sitt. Foto: NMS

NMS takkar for all støtte til misjonsprosjekta. På nms.no kan du finne mykje stoff frå alle prosjekta som kyrkjelydane har avtale om å støtte.

*Sissel Sørebo*

# EI TRYGG HAMN

**UKRAINA: På flyktningssenteret til kyrkja Love of Christ møter vi 4 månader gamle Miran og mora Takhmina. Dei har vore i fangenskap og på flukt sidan krigen braut ut for snart tre år sidan. Medan dei eldste barna leikar i portrommet utanfor, fortel Takhmina oss historia si, med Miran ved brystet.**



## DÅ RUSSARANE KOM

Russarane kom så fort at familien ikkje rakk å flykte. Soldatar small opp døra heime hos henne, der ho sat åleine med barna. Dei neste ni månadene vart eit mareritt, der ho berre fekk oppleve dagslys ein einaste gong. Takhmina og barna vart låste ned i kjellaren, medan soldatane slo seg ned i huset. Ho og barna torde ikkje gå ut. Ei bøtte vart toalettet til heile familien, rå poteter og innimellom nokre grønnsaker var alt dei fekk å ete. Lukta var forferdelig. Ein pensjonert nabo risikerte livet ved å levere drikkevatt til familien nokre gonger i veka.

## TRYGGLEIKEN

Ukrainske styrkar klarte til slutt å ta tilbake området der dei budde. Nyleg kom ho til tilfluktsrommet i Mykolaiv der Kirkens Nødhjelp, saman med den lokale kyrkjelyden, har gjort bomberommet under kyrkja om til ein trygg heim for folk på flukt. Her finst senger, kjøken, dusj og aktivitetsrom for barn. Ei nydeleg lukt av borschtsuppe siv ut frå kjøkenet.

- For første gong på veldig lenge søv vi no gjennom heile natta. Det er så stille og godt her, og det kjennest som vi har kome til ei trygg hamn.

Folk i kyrkjelyden og andre frivillige hjelper flyktningane med det dei treng. Takhmina og barna har hatt besøk av ein psykolog i dag tidleg, og jobbar no med å skaffe seg nødvendige papir, slik at dei kan få

sosialstøtte og kome seg vidare i livet.

- Det er Guds velsigning at vi klarte å kome oss levande hit til denne staden, seier Takhmina.

Både i Ukraina og i Noreg skal vi snart feire jul og minnst den natta Jesusbarnet vart fødd inn i ei verd med fattigdom, forfølgning og nød.

No, som då, er Gud midt i lidinga og nøda. Vi ser om og om igjen at menneske finn trøyst og håp i trua på noko som er større. Større enn oss sjølve, større enn fortvinga og større enn "her og no". Kirkens Nødhjelp samarbeider med kyrkjer og religiøse samarbeidspartnarar over heile verda. Vi har ein tilleggsverdi i vårt diakonale arbeid - trua på eit håp, og at alle menneske er like mykje verd. Det er vårt kall og vår oppgåve å kjempe mot nød og fattigdom. Saman med kyrkjene i Noreg reddar vi liv, byggjer sterke lokalsamfunn og kjemper for rettferd - kvar dag.

## SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR, TIL KIRKENS NØDHJELP:

Vipps eit valfritt beløp til **2426**

Send **GAVE** på SMS til **2426** og gje 300 kroner.

Gåvekonto: **1594.22.87248**



## KONFIRMANTFESTIVAL 2024 I GAULARHALLEN

Over 40 konfirmantar frå heile Høyanger kommune var med på årets konfirmantfestival med over 400 ungdomar i Gaularhallen. Det starta med opningsshow med band og song ved SAMAN-teamet frå Bjørgvin bispedøme frå Bergen og tidlegare «Farmen»-prest Thor Haavik. Deretter blei det matpause og «Globallop» (sponsorlop) – og det var kjekt at mange Høyanger-konfirmantar og deira sponsorar ville vere med på dette. I forkant skulle alle velje ei aktivitetsgruppe frå eit breitt spekter: kajakk, friluftsliv, dans, song, låtskriving, cheerleading,

miniatyrskyting på skytebane, gaming, brettspel og innebandy-turnering.

Det var flott å sjå mange utprøve seg på nye ting. Under avslutningsshowet ble det presentert ein god del frå fleire av desse gruppene (sjå øvst!).

Fem av «våre» foreldre bidrog i ulike roller for å kunne gjennomføre denne dagen. Takk til konfirmantar og foreldre for ein fantastisk fin dag!  
*Andreas Ester sokneprest*



# MIN JULESONG



**Namn:** Oda Hunnes

**Alder:** 33 år

**Bustad:** Søreide

**Arbeidsplass:** Osland settefisk

Då Oda blei spurt om ho har julesongar ho er glad i, var svaret at ho har mange. Sidan ho fekk spørsmålet allereie i oktober, valde ho denne som høver ekstra godt i den mørke førjulstida. Ho skriv sjølv om valet sitt:

«Har alltid vore glad i musikk. Heime i Stryn spelte eg i skulemusikken og var med i TenSing. Har også vore med i fleire blanda kor. Eg har alltid likt å lære meg nye songar i frå forskjellige stader i det flotte landet vårt.

Eg kom til Søreide i januar i år etter 8 år i Nordland. Nord-Norge er blant dei flottaste plassane i landet, i lag med Vestlandet. Men den hadde ei utfordring for meg, mørketida.

Når haust og vinter kjem merkar ein at det kan bli tungt når dagen blir kortare. Ein kan bli litt deprimert og lei seg utan lys. Då er det fint å ha songar som kan minne ein på at det skal bli bra igjen. Songen «Et lys imot mørketida» hørde eg først då Steigenkoret hadde den i sin julekonsert.

Den fortel at uansett kor mørkt og tungt livet er, så kan vi alltid tenne eit lys. Vi kan alltid finne eit håp i mørket, sjølv når det verkar vanskeleg.

Håpet og lyset kan komme i så mange former. At sola vil snu og komme tilbake. Det kan komme med dei du har rundt deg. Det kan komme med fødselen av eit lite barn i Betlehem.»

## ***Et lys imot mørketida***

***Tekst/melodi Trygve Hoff***

*Det kvile ei natt over landet i nord  
og husan e små der kor menneskan bor.  
Men tida e travel i karrige kår,  
rokken han svive og vevstolen går.  
Det lever i løa, i naustet og smia  
et lys, et lys, et lys imot mørketida.*

*Snøen ligg tung over frossen jord,  
ute står mørket om fjell og om fjord.  
Vår Herre gir livberging, søtmat og sul  
når døgnan sig fram i mot advent og jul.  
Så støype vi lys midt i hardeste ria  
et lys, et lys, et lys imot mørketida.*

*Dagen e borte og natta e stor  
men i mørketidslandet skal høres et ord  
om sol som skal snu så det bærer mot dag,  
om folk som skal samles til helg og til lag  
på veien til Betlehem bær ho Maria  
et lys, et lys, et lys imot mørketida.*

Høyr gjerne denne songen på YouTube ved til dømes Maria Haukaas Mittet.

Helgestunder takkar Oda for det ho har delt og ynsker lukke til med å bu og arbeide i kommunen vår.

# JULEMINNE FRÅ GAMLESKULEN PÅ NOREVIK

Olav Hellebø er fødd og oppvaksen på Norevikane, som yngst i ein syskenflokk på 5. Far hans var lærar, og skulen, så vel som lærarbustad, var i det store, majestetiske bygget som låg litt lenger oppe i bakken, ovanfor det som vart nyeskulen og som no er bygdehus. Skulehuset låg delvis skjult bak frukttre og bærbuskar. Men frå vegen var taket godt synleg, der det stod store bokstavar **A A N** og under desse: tala 1906. (Anders Andersson Norevik, bygt i 1906). Taket var lagt av skiferheller. Bokstavane og tala var av ein mørk skifersort som gjorde at dei var godt synlege mot den vanlege, grå skiferen.

**- Korleis var det å bu og vekse opp så tett på skulen?**

Både og, sjølvst, men veldig sutalaust. Det var berre å gå inn ei dør frå heimen, og eg var då i skulestova. Praktisk i dårleg ver.

**- Og der feira de jul, korleis var det?**

Vi var mange, 7 i talet, + mormor som budde sine siste år hos oss. Eg har berre gode minne, utan at det er nokre som utpeikar seg som spesielle. Eg trur vi hadde det som bygdefolk flest.

**- Var det fisk eller pinnekjøtt på julafta?**

Pinnekjøtt og griseribbe, salta og tørka som saueribbe. Alt var sjølvst heimelaga. Ei av søstrene mine sa ein gong, etter julemiddagen: Dess feitare pinnekjøttet er, dess betre. Trur neppe ho vil seie det i dag.

**- Korleis merka de at det nærma seg jul?**

Siste tida fram mot jul var det lett å forstå at noko var «på gang». Det var hektisk aktivitet på kjøkkenet, mor baka fleire sortar med småkaker som vart lagra i store boksar. Om det var dei obligatoriske 7 slaga veit eg ikkje. Med 5 kakemonsar var det mykje som skulle til. Min favoritt var – og er – smultringar, eller hjortebakkels som det står i oppskrifta. Elles laga mor både rullepølse og syltaflesk. Råstoffet hadde vi på garden, og slakta gjorde vi sjølve.

**- Forstår at de hadde god mat, men var det noko ekstra som du minnest godt?**

Det må vere aromaen eller godlukta!



**- Godlukta?**

Far bestilte eple ein eller annan stad ifrå, gul granstein, som har ein ubeskriveleg god aroma. Når dei, epla, i ein 20 kg-kasse var komne i kjellaren, spreidde godlukta seg i huset. Mest så ein kunne kjenne og føle at no er det snart jul! Men ingen smaksprøver der, nei.

**- Men sjølve julekvelden då, korleis var han?**

Vi hadde dyr i fjøset, og alle skulle ha noko godt til jul. Denne kvelden var far med, til vanleg var det mor som hadde fjøsstellet. Fint og mjukt gras vart henta frå høystålet og gitt til kyrne og sauene. Først etter fjøsstellet kunne vi setje oss til bords. Vi, ungane, var stivpynta. Dei største hjelpte dei minste, eller så var det mor som hadde ei ledig hand, midt i alt anna arbeid.

Då maten var komen på bordet og alle var komne på plass, las far alltid Juleevangeliet. Det var ei stille og høgtidsam stund, fylt med glede og forventning. Og så dette forunderlege som skjedde ein stad langt borte, julenatta!

### - Fekk de pakkar til jul?

Ja, men det var ikkje så mange, stort sett mjuke pakkar, som ullsokkar eller vottar. Forresten, eg hugsar eg ein gong fekk ei leike som eg kunne dra etter meg. Det var ein katt som sat på ei trefjøl på hjul, og eine labben hadde ein liten metallstav som slo på ei bjølle når leika vart dregen over golvet. Mest som ei sykkelbjølle. Denne leika drog eg att og fram over ganglemmen medan far heldt skule i rommet under, og truleg var dette lite populært slik at i skuletida vart dette forbode.

Og vi sang julesongar. Vi hadde orgel, og far spela til medan vi gjekk rundt juletreet, runde på runde, sikkert heile songheftet til ende. Eg trur vi var ekstra songglade alle.

Etter kvart henta mor fram godsakene, skiver med rullepølse, syltaflesk, og frukt: eple, appelsinar, fiken, dadlar og ikkje minst julekakene!

### - Var det mykje å finne på i fridagane i romjula?

Då som no var uteaktiviteten veravhengig. Dessutan hadde vi ikkje lov å gå utanfor gjerde og inn på naboeigedommen på 1. juledag. Også 2. juledag, trur eg. Seinare var det juleselskap. Vi vart inviterte til naboane, som diska opp med det beste dei hadde, og same for vår del då dei kom til oss.

Elles var det juletreffest på skulen der elevane hadde sine oppgåver. Mor kokte kakao, det var kaffi og smørbrød og kamp om skiver med egg og sild. Ja, det var tider!!

### - No har du fortalt om barndommen, men seinare, i vaksen alder?

Så lenge mor og far levde, reiste eg mest alltid heim til jul. Eg hadde dyktige – men også snille sjefar – som let meg få fri juledagane, av og til også over nyttårshelga. Ein gong under militærtjeneste på Sætermoen, var eg der heile julehelga. Det gjekk fint det og.

### - Du har feira jul utanlands ein gong. Korleis var det?

Ja, det vart ei sveitt oppleving. Det hadde seg slik at eg var i hamnebyen Santos, Brasil, i jula 1991, i samband med adopsjon. Vi, vaksne og ungane, var ofte i sjømannskyrkja der. Sjømannspresten var frå Måløy, og det var ein god stad å gå for å få råd og rettleiing, samt råd i tilknytning til språket. (Portugisisk).

Dette gjorde at vi var til stades på gudstenestene der. Kyrkja var samlingsplass for skandinavar som budde i området, ikkje berre nordmenn.

Presten spurde om nokon av oss vaksne kunne spele på piano til salmane. Det vart til at eg skulle gjere mitt beste. Her må eg nok legge til at eg er ingen pianist, i tilfelle ein slett ein, vil eg tru. Eg kan notane, men les dei for seint, og har dårleg fingerferdigheit. Eg starta med å slå an nokre akkordar, henta frå slutten av salmen, før sjølve salmemelodien skulle ta til, og tru det eller ikkje, forsamlinga forstod ikkje dette og starta å synge ved førespelet. Det vart fullt kaos! Mi store optimisme var snudd til fortvilning. Eg hadde tenkt – og prøvde – å bruke begge hendene, men dette vart etter kvart til ein to-finger-manøver. Uff og uff. Skamfull og lei meg sette eg meg ned blant kyrkjelyden. Men eg spelte seinare og.

Eg trøysta meg med at det er ikkje alle som har vore pianist ved gudsteneste i Santos!

### - Vart det julemiddag i Sjømannskyrkja i Santos?

Det vart det. Skikkeleg julemeny med pinnekjøtt og det som hørde til. Berre riskremen var litt annleis.

### - Og seinare, har jula verdi for deg i dag?

Ja, for meg, og sikkert for dei fleste. Diverre druknar julebodskapen mykje i gåver og alt som skal førebuast til jul. Eg er glad i kyrkja og som kyrkjetenar likar eg å gjere i stand til gudstenester, og jul i kyrkja. Juleevangeliet «treff» meg like godt i dag som då far las det ved julemiddagen i barndommen. Dette forunderlege, dette utrulege som skjedd «i de dage» er ikkje til å kome forbi, det står der.





# Barnas



## Fargelegg!

Teikning:  
Chiara Bertelli



## Finn 10 gutenamn


Leit bortover og nedover. Finn du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	O	R	K	E	F
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A

Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!


Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 03 71 00



Kva  
høne har  
ikkje fjør?  
Svar:  
Marilhøna

Vits



## Finn fem feil

Her fortel Gabriel Maria at ho skal bli mammaen til Jesus. Dei to bileta er  
nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

## Labyrint

Kan du hjelpe Maria å  
finne vegen til Elisabet?



Teikning: Chiara Bertelli



## BABYSONG I HØYANGER KYRKJE

Babysong er eit tilbod for dei minste borna saman med ein eller begge foreldra. Programmet er lagt til rette for dei små, men babysong er også ein sosial møteplass for dei vaksne.

For mange er tilbodet om babysong første møtet med kyrkja, og kyrkja i Høyanger inviterer til babysong i Høyanger kyrkje annankvar tysdag. Vi møtest klokka 11, og etter ein halvtime med song, musikk, rim og regler inviterer vi til kaffi, te og sosialt samvær.

Denne hausten er det Inger Cesilie Fitje og Harald Dahlstrøm som har hatt ansvar for babysong, og slik vil det også vere våren 2025. Informasjon om datoar finn du på heimesida til kyrkja og på Facebooksida vår.

Ofte høyrer vi foreldre som seier at dei ikkje kan synge. På babysong er vi derimot oppteken av at vi syng med den stemma vi har; for borna er det ingen som har så flott stemme som foreldra!



Gjennom babysong får foreldre også lære songar som dei kan bruke heime.

Babysong blir arrangert i Høyanger, men er eit tilbod for småbarnsforeldre i heile kommunen. Denne hausten har foreldre og barn frå Vadheim, Høyanger, Kyrkjebø, Ortnevik og Nessane vore med, og slik har store delar av kommunen vore representert. Dette håpar vi vil halde fram; velkommen til babysong og fellesskap!

## GUDSTENESTE MED MYKJE LIV OG RØRE

Hausttakkefestgudstenesta i Lavik kyrkje brukar å samla folk i alle aldrar. I år var det ekstra mange sidan to små jenter vart døypte. Då gudstenesta starta, bar borna inn korger med frukt og grønt. Dei var også med å vise bevegelsene til songar og bønner og deltek med lesing.

Å ha nokre ekstra medhjelparar under dåpen, var også bra.

I gudstenesta får alle born kvar si bok frå kyrkjelyden.



Foto: Candy Båtnes

## MINNEGUDSTENESTER

I nov. har det vore minnegudstenester i kyrkjene der mange har komme med sorg og sagn og tent lys for sine kjære. Bileta er frå ei fin og høgtidsam stund på helgemessesøndag 3. nov. i Bjordal kyrkje. Foto: Kjersti J. Søreide



## MUSIKKEN BUR I OSS, OG FOLKEMUSIKKEN ER VÅRT MUSIKALSKE MORSMÅL

Ja, slik sa prest Andreas det i preika under folkemusikkmessa på Kyrkjebø.

Gledeleg mange hadde funne vegen til kyrkja denne ettermiddagen og fekk oppleve ei heilt særeigen gudsteneste. Musikalsk medverkande var vårt eige Kyrkjebø ungdomslags songkor (Kul-koret), noko som gjorde salmesongen ekstra sterk.

På galleriet var det innhyra tre utanbygds musikarar; den røynde og allsidige, no pensjonerte organisten, Kjell Ivar Aase frå Bygstad, og to utøvarar på hardingfeler. Det var mor og dotter, med aner på Viksdalen, og som elles er busette i Strandebarm. Frå Hardanger kjem òg denne messa, som er komponert av Rannveig Djønn.

Mor Arngunn Timenes Bell og organisten har spelt mykje saman opp gjennom åra, medan dottera Guro Bell Berge (konfirmant i 2025) no spela messa for andre gong. Samspelet mellom desse tre fungerte svært bra. Publikum viste å setje pris på det ved å applaudere lenge etter postludiet, som sette eit kraftfullt punktum for messa.

Nemnast må det også at i folkemusikkmessa, der alt i liturgien er folketonebasert, får presten ei utfordring i messedelen – ei prøve vår Andreas klarte med glans!

Soknerådet, som lenge har ynskt å få gjennomført messa, takkar aktørane – og sjølv sagt kyrkjelyden, for godt frammøte – ein inspirasjon til vidare arbeid for soknet.

## MAT OG PRAT

Lavik sokneråd har i fleire år invitert til Mat og Prat på Alværa 2 gonger i året. Då startar vi med å ete i lag før Geir Sørebo samtalar med ein person om livet, trua og tvilen. Det har ikkje alltid vore like lett å finne ein person som Geir kan prate med, med på samlinga 23. oktober, stilte 4 flotte ungdomar opp. Dei som vart konfirmerte i vår, vart utfordra og alle svarte ja.

Vi var mektig imponert over kor modige, flinke og reflekterte dei var. Interessene deira var varierte m.a. baking, teikning, dans og ballett, k-pop musikk og gaming. Vi fekk også høyre litt av ein favoritt k-pop-song medan nokre av dei viste oss dansen.



Dei delte også minne frå konfirmanttida og konfirmasjonsdagen. På spørsmål om dei kom til å døype borna sine, viss dei fekk born, var svaret ja – og fleire var tydeleg på at dei ville la borna få vere med på «dei greiene» – trusopplæring, men la dei sjølve få velje om dei ville konfirmere seg.

Fleire gav uttrykk for at Lavik nok er ein litt for liten stad for dei no. Det er ikkje alltid like lett å finne nokon med felles interesse, men samstundes var Lavik staden der fleire ville slå seg ned etter å ha budd vekke nokre år.

Mot slutten av samtalen kom ungdomane med ei utfordring til soknerådet. Dei ønskte eit tilbod til deira aldersgruppe også.

Takk til ungdomane som stilte opp, og gav oss litt kjennskap til ungdomskulturen. Neste Mat og Prat vert truleg i februar. Kven Geir skal samtale med då, får den som kjem sjå.

*Tekst og foto: Toril Lange*

## JULEKONSERTAR

Kul-koret og/eller andre er arrangørar, men sokna er glade for samarbeidet om aktivitetane, og at julesongane vil få tone utover i både bedehus, samfunnshus og kyrkjer i bygdene våre. Møt opp!

**Sundag 01.12. kl 17.00** Nessane oppvekstsenter  
**Tysdag 10.12. kl 19.00** Kyrkjebø kyrkje  
**Sundag 15.12. kl 17.00** Ortnevik kyrkje  
**Sundag 15.12. kl. 18.00** har Fjordbrass konsert i Lavik kyrkje.

**Onsdag 11. des.** vert det julekonsert i Vadheim bedehuskapell kl. 19.00  
 Medverkande: Vadheim musikklag og Førde kyrkjekor.

### Konsertar i Høyanger kyrkje:

**Mandag 9. desember kl.18:** Julesong, Julekonsert med Einar Bolstad, Kari Malmanger og Gunn Kvaale.  
**Laurdag 14.desember kl.16:** Julekonsert med Fagforeningens Musikklag

## På kyrkjebakken – LAVIK SOKN

### Arrangement på Alværa

**10.-12. januar:** Leiarhelg  
**7.-9. februar:** Vinterleir for  
 2.-7. klasse  
**8.-9. mars:** Mariahelg  
**13.-15. juni:** Familieleir  
 For meir informasjon, kontakt  
 Alværa: mobil: 489 90 661 eller  
 e-post: alvera@nms.no

### «Vi syng jula inn» i Lavik kyrkje onsdag 4. desember kl. 18.00.



Også i år inviterer soknerådet til salmekveld i adventstida der vi syng advents- og julesongar. Vi vil få høyre litt om bakgrunnen for nokre av songane, og nok ein gong er det eit ensemble frå Fjordbrass som står for tonefølge. Gløgg og peparkake er også fast innslag på salmekvelden. Bilete frå salmekvelden i 2023

### Trusopplæring i Lavik

#### Tårnagenthelg 18. – 19. januar

Kvart år sidan 2016, med unnatak av koronaåret 2020, har tårnagentar invadert Lavik kyrkje ei helg i januar. Nokre er etter kvart svært erfarne, og etter å ha repetert agenttips, vert oppdraga løyst med liv og lyst. Er det fleire flaggermus som har funne vegen opp i kyrkjetårnet sidan i fjor? Kva skattejakt er det dette året? Flaggermus-suppa, smaker den som i fjor? Kva er oppdrag gudsteneste i år? På tårnagenthelg treng vi agentar (3.-6. klasse), englevaktar og tårnagentsjefar. Invitasjon om klokkeslett og påmelding vert lagt ut på messenger-grupper/facebook-sida til kyrkja.

I løpet av vinteren og våren vil det i tillegg vere følgjande tilbod:

**Myldresamling for born i barnehagealder.** Følgjande onsdagar: 22. januar, 12. februar og 12. mars

**Myldresamling for 1.-2. klasse** vert desse onsdagane: 15. januar, 5. februar og 5. mars.

Samlingane startar kl 17.15. Etter samlingsstund og frileik, dekker vi bordet og et kvelds i lag.

For dei litt eldre, frå 3. klasse og oppover, vert det **Makisamling** i styrbustaden på Alværa nokre fredagar frå 17.30 til 19.30. Det vert mykje leik, taco, misjonsglimt og ord for kvelden. Tillèt veret det, skjer mykje av aktiviteten ute.

## På kyrkjebakken - BJORDAL OG ORTNEVIK SOKN

### Song på Sørsida Bygdetun

I nærare to år har vi annankvar måndag kl. 17.00 samlast i stova for å synge gamle og kjære songar. Olav Bjordal er no tilbake med trekkspilet sitt til stor glede for dei som er interesserte i song og musikk av bebuarane og andre frå bygdene som møter opp og som samtundes får besøke familie og kjende. Opplegget er eit samarbeid mellom soknerådet og pensjo-

nistlaget. Alle er velkomne til å vere med å synge eller høyre på! På siste samling vart det sagt: «Skriv i Helgestunder at vi har det veldig kjekt!» Dersom du som les dette er i tvil om kva for måndag det er song, kan du ringe Sissel tlf. 916 89 381 eller Mari-Ann tlf. 917 98 311. Hjarteleg velkommen!



Mari-Ann Lund Fridtun, Målfrid Åkre, Kari Søreide, Per og Kårhild Østerbø er ivrige songarar.  
Foto: Sissel Sørebo.

### Julekonserten i Ortnevik

15. des. kl 17.00 er eit høgdepunkt på Sørsida i adventstida. Då kjem det folk frå alle bygdene. Vi ser fram til at KUL-koret blir med også i år. I tillegg vil lokale songarar og musikarar som vanleg stille opp. I år får vi også høyre ei nystarta gruppe med

7 song-glade damer. Soknerådet, som er arrangør, er oppteken av at alle som ynskjer å komme, må få skyss. Ta med naboen og fyll opp bilen! Om nokon ikkje har avtale om køyring, kan soknerådet kontak-  
tast.

### Årsmøta i sokna

Lavik sokn sitt årsmøte vert onsdag 9. april kl. 17 på Alværa i samband med årsfesten for kyrkjelyden.

Kyrkjebø sokn sitt årsmøte blir i Vadheim 23. februar kl. 18 00 (Etter gudstenesta kl. 17.00)

Høyanger sokn sitt årsmøte 2. mars kl. 12.00 (etter gudstenesta kl. 11.00)

Bjordal & Ortnevik sokn sitt årsmøte vert 16. februar kl. 12 (etter gudstenesta kl. 11.00)

### Nattkafé i Høyanger

For ungdom fra 10. kl. og oppover. Gratis og rusfritt. Det blir servert toast, chips, saft og kaffe. Vi held til i lokalet til klubben, og vi kan nytte utstyret som er der. Nattkaféen er ein plass for ungdom og vaksne der ein kan komme og slå av ein prat. Ein kan spele biljard eller vere med i andre aktivitetar. Det vil alltid vere to vaksne til stades. Nattcaféen held ope annakvar laurdag, første gong 09.11, frå kl. 22-01. Kom gjerne innom og sjå om det kan vere noko for deg!

*Høyanger sokneråd*



# NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Det nærmar seg advent og jul, men det er likevel rart å sitje med julenummeret av Helgestunder. Jullestria startar tidlegare og tidlegare år for år – Posten sine fristar flyttar seg og trykkeriet vert styrt av dei. I år må me skrive bladet ei veke tidlegare enn i fjor. Dette forsterkar ei kjensle av at hausten har gått fort unna. Eg skreiv i sist nummer om ein del av utfordringane som låg framom oss denne hausten, og skal ikkje ta opp att dette no, berre konstatere at livet går vidare, og at mykje ordnar seg – berre ein tek tida til hjelp.

For visst har denne hausten bydd på utfordringar, og eg veit at nokre ting har glippa! Men no har eg mest lyst til å rette ei stor takk til alle dei som gjer litt ekstra for at hjula (og etter kvart jula) skal gå sin gang!

Det er mange som stiller opp for arbeidet i kyrkja! Som stiller opp for at barnarbeidet skal gå sin gang, for at konfirmantar og ungdommar skal ha eit tilbod, for musikk i kyrkjene, for å organisere og legge til rette, for at dette bladet kan kome ut – at det blir skrive og finansiert!

Det er dugnadsinnsats, og det er dei som gjer ein ekstra innsats i jobben. Saman gjer det ein stor forskjell. No mot slutten av året, er tida for å rette ei stor takk til alle dokker – som eg ikkje vil nemne

med namn fordi innsatsen er så mangfaldig og fordi dokker er så mange, tenk om eg skulle gløyme nokon!



## TAKK FOR INNSATSEN!

Eg vil og takke dei som er våre samarbeidspartnarar for innsatsen. Høyanger kommune er ein god samarbeidspart. Dei sikrar økonomi til å vedlikehalde kyrkjene, hjelp til å forvalte gravplassane, til rådgjeving og til rekneskapen. Slik er dei med å sikre kvalitet i våre tenester.

Me samarbeider og med kyrkjelydane i kommunane rundt oss. Utfordringa er store avstandar i Ytre Sogn og i Sunnfjord prosti, men stoppar oss ikkje. Samarbeid er verdifullt for oss – me treng å møtast og sjå at me er ein del av ein større samanheng.

Til slutt vil eg ynskje dokker alle ei signa adventstid og jul! Det vert mange konsertar og opplevingar i kyrkjene våre no fram mot jul. Eg håpar du kan finne høve til ein tur innom!

God jul, og velkomen til kyrkja!

## VIL DU VERE MED Å BIDRA TIL INNHALDET I HELGESTUNDER?

Har du ei god historie frå arbeidet i kyrkja, ein aktivitet du vil gjere betre kjent, ei anekdote som fleire har glede av å lese? Frist for innsending av stoff til neste nummer vert torsdag 21. februar - send til kyrkjekontoret: post.hoyanger@kyrkja.no



# I glede og sorg

## DØYPTE:

### Kyrkjebo

22.09.24 Emma Standnes Kårstad,  
13.10.24 William Austreim Norevik  
27.10.24 Sofie Nytræ Iversen

### Ortnevik

20.10.24 Fredrik Merkesvik-Roland  
20.10.24 Levi Merkesvik Ådland

### Lavik

29.09.24 Maja Bosdal Søreide  
29.09.24 Mari Otilie Horne Haugsbø



## DØDE

### Høyanger

Helge Birkhaug 05.06.1980 - 23.08.2024  
Liv Berit Dregelid 13.07.1941 - 08.09.2024

### Kyrkjebo:

Snefrid Gjertine Øvstaas 17.11.1927 - 26.07.2024

### Vadheim:


Jan Ove Hvidsten 25.05.1962 - 23.04.2024  
Nora Nesheim 16.05.1931 - 20.10.2024

### Lavik:

Oddlaug Johanne  
Systad Haveland 12.05.1950 - 19.09.2024  
Svein Margon Olsen 31.10.1937 - 20.10.2024

### Bjordal:

Gudleik Bjordal 26.12.1923 - 11.10.2024  
Andrea Oddfrid Bjordal 19.09.1943 - 24.10.2024



*Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.  
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!  
Hebr. 10.23-24.*

## Gudstenester

### 04. DES. ONSDAG

Kl. 17 Høyanger: Lysmesse. A. Ester / H. Dahlstrøm

### 08. DES. 2. SØNDAG I ADVENT

Kl. 17 Kyrkjebø: Lysmesse.

A. Ester / H. Dahlstrøm

### 24. DES. JULAFTAN

Kl. 13 Vadheim: A. Ester / H. Dahlstrøm

Kl. 14.30 Kyrkjebø: A. Ester / H. Dahlstrøm

Kl. 16 Høyanger: A. Ester / H. Dahlstrøm

Kl. 14 Ortnevik: I.C. Fitje / A Brekke

Kl. 15 Lavik: T Lange / KB Ringereide

Kl. 16 Bjordal: I.C. Fitje /...

### 5. JANUAR: KRISTI OPENBERRINGS DAG

Kl. 11 Kyrkjebø: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

### 11. JANUAR LAURDAG

Kyrkje og misjonsdag på Alværa

### 12. JANUAR: 2. SØN I OPENBERRINGSTIDA

Kl. 11 Høyanger: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

### 19. JANUAR: 3. SØN I OPENBERRINGSTIDA

Kl. 11 Lavik: Gudsteneste

Kl. 16 Bjordal: Gudsteneste. IC Fitje / Peter Jobbagy

### 26. JANUAR: 4. SØN I OPENBERRINGSTIDA

Kl. 12 Alværa: Konfirmanthelg. IC Fitje/A Ester /R

Matsui-Li/H Dahlstrøm

### 2. FEBRUAR: 5. SØN I OPENBERRINGSTIDA

Kl. 11 Høyanger: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

### 9. FEBRUAR: 6. SØN I OPENBERRINGSTIDA

Kl. 11 Kyrkjebø: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

### 12. FEBRUAR: ONSDAG

Kl. 17 Høyanger: Gudsteneste etter konfirmantførebuing. A Ester / H Dahlstrøm

### 16. FEBRUAR: SÅMANNSSØNDAG

Kl. 11 Bjordal: Gudsteneste

Kl. 18 Lavik: Gudsteneste. IC Fitje / Peter Jobbagy

### 23. FEBRUAR: KRISTI FORKLÅRINGS DAG, SØNDAG

Kl. 17 Vadheim: Kaffigudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

### 2. MARS: FASTELAVNSSØNDAG

Kl. 11 Høyanger: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

### 9. MARS: 1. SØNDAG I FASTETIDA

Kl. 11 Kyrkjebø: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

Kl. 11 Lavik: Gudsteneste. IC Fitje / Peter Jobbagy

### 12. MARS: ONSDAG

Kl. 17 Høyanger: Gudsteneste etter konfirmantførebuing. A Ester / H Dahlstrøm

### 23. MARS: MARIA BODSKAPSDAG, SØNDAG

Kl. 16 Bjordal: Samtalegudsteneste med konfirmanter frå Bjordal og Lavik. IC Fitje / Peter Jobbagy



**NB: Det kan skje endringar! Følg med på Facebook, plakatar eller på: [www.kyrkja/hoyanger/](http://www.kyrkja/hoyanger/)**

**INFORMASJON**

*Returadresse: Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger*

